

Hogne Straume
Straumesvegen 9
5939 Sletta

Straume 27.09.21

Alver kommune
v/ Øystein Kolstad
Pb 4
5906 Frekhaug

Grunngjeving for søknad om nydyrking

Eg driv i dag mjølkeproduksjon med ein kvote på ca. 150 t. på gnr. 493 bnr. 5 i Alver kommune. Eg har søner som ynskjer å driva vidare.

Då er det snakk om etter 2034. Det vert då naudsynt å byggja ny fjøs til laustgåande mjølkekyr.

For at det skal verta forsvarleg, må me auka grovforarealet, slik at det kan vera grovfôr til minst 30 mjølkekyr med påsett. På vår eigedom, har me løyve til å dyrka opp resten. Det er me godt i gong med. Då kjem me opp i ca. 150 daa. hjå oss sjølve. Ved ein framtidig produksjon, må me høgare. Det er difor naudsynt med det omsøkte prosjektet på bnr. 3. Det ligg attåt oss med berre eit plantefelt mellom. Det ligg i ein transportavstan som tillèt ein forsvarleg logistikk for grovfôr og husdyrgjødsel. Det går godt å snitta, køyra foret heim, og ensilera det i silo. Då kan me unngår rundballar. Det skal dyrkast etter metoden «Profilering av myr.»

Vonar det er forståing for at dette prosjektet er avgjerande for vidare drift og utvikling på vår gard.

Vonar søknaden vert teken til følgje.

Med helsing Hogne Straume